



Jan Espen Vik

Referanser:

Dykkar: Ard arealplan  
Vår: 16/484 - 17/7189

Saksbehandlar:

Ingrid Raniseth  
ingrid.raniseth@meland.kommune.no

10.04.2017

## Notat, undervegs møte 05.04.17

Det vart 05.04.17 halde møte på Meland rådhus angående oppstartsvarsel for detaljregulering for Vardane fritidsområde gbnr. 54/83, PlanID 1256 2016 0003.

Frå kommunen	
Plan	Ingrid Raniseth
Byggesak	Tore Johan Erstad
Frå Ard arealplan AS	
Planleggjar	Jan Espen Vik
Planleggjar	Kari Johannesen
Forslagsstillar	
Grunneigar	Bernt Johan Husebø

### Bakgrunn:

Bakgrunnen for møtet var ønske frå forslagsstiller om å varsle oppstart på deler F\_4 som avsett til fritidsbustader i KPA 2015. I tillegg til å leggje til rette for 20-30 hytter ønskjer ein og å leggje til rette for småbåtanlegg/flytebryggje i tilknytning fritidsbustadane. Området i sjø er ikkje i tråd med gjeldande kommuneplan.

### Administrasjonen orienterte:

Det er fleire årsaker til at ikkje vart lagt opp til området for naust/flytebryggje i tilknytning til Vardane hyttefelt:

- Uvisshet kring miljøfaktorar som bunnforhold og gjennomstrøyming gjer at det ikkje er lagt til rette for flytebryggjer inne i vågen
- Hengebru over til Saltholmen er til hinder for tilkomst frå aust
- Uvisshet kring tilkomst for båt på nordsida av Saltholmen

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

- Naturleg at område for nye flytebryggjer vert lagt til eksisterande naustmiljø ved Bratshaug hyttefelt, som ei forlenging
- Felles planlegging for felt F\_4 for samarbeid om infrastruktur flytebryggje/naust (FL\_16/NA\_16 i KPA)
- Sjå vurderingar gjort for Kårbø- Bratshaug i KU for KPA 2015 (sjå vedlegg side 71-74)

Generelt vil ikkje administrasjonen anbefale å planleggje områder som ikkje er tråd med kommuneplanens arealdel. Vel forslagsstillar å gå vidare med planen, tilrår kommunen at saka vert lagt fram for politisk handsaming i Utval for drift og utvikling og Kommunestyre før ein varslar oppstart. Ein minner om at kommunestyre har heimel til å ikkje fremje ein plan som er i strid med kommuneplan, jf. pbl § 12-11.

**Framdrift:**

Utifrå opplysningane i dette notatet, må forslagsstillar avgjere om dei ønskjer å varsle oppstart med arealformål i sjø. Det må då gjeres ei vurdering på om planforslaget utløyser konsekvensutgreiing etter Forskrift om konsekvensutredningar § 3 b). Forslagsstiller vurderer om planen kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Kommunen tar utgangspunkt i opplysningar gitt av forslagstillar og føreliggjande kunnskap for å avgjere dette. Finn ein at planen kan få vesentlege verknader skal den handsamas etter forskrifta.

Avgjer kommunen at det tiltaket ikkje får vesentlege verknader, skal dette gå fram og grunngjevast i varsel og kunngjering.

Ta kontakt ved spørsmål.

Med helsing

Ingrid Raniseth  
Plansakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

KU\_KP2015-2026

**Mottakere:**  
Jan Espen Vik